Statens vegvesen

auto PASS

# Innføring av miljødifferensierte takstar

I tråd med føringane frå Prop. 11 S (2017–2018) vert det innført miljødifferensierte bompengetakstar i Bergen frå 01.06.2018.

| | Takstgruppe 1 | | | Takstgruppe 2 | | |
|---|---|---|---|---|---|---|
| | Normaltakst | Diesel | Nullutslepp | Euro V og eldre | Euro VI | Nullutslepp |
| **Utanom rush** | 24,- | 29,- | 0,- | 67,- | 36,- | 0,- |
| **Rush (06.30–09.00 og 14.30–16.30)** | 49,- | 54,- | 0,- | 118,- | 72,- | 0,- |

*Tabell: Bompengetakstar for Bypakke Bergen etter omlegginga til nytt takst- og rabattsystem og innføring av miljødifferensierte takstar.*

***Takstgruppe 1:*** *Køyretøy med tilleten totalvekt til og med 3500 kg, samt køyretøy i køyretøykategori M1 med elektronisk brikke og gyldig avtale.*

***Takstgruppe 2:*** *Køyretøy med tilleten totalvekt frå 3501 kg, ekskl. køyretøy i køyretøykategori M1 med elektronisk brikke og gyldig avtale.*

**For ladbare hybridar vert det det, i tråd med Prop. 11 S (2016–2017), lagt til grunn følgjande takster:**

- Ladbare hybridar i takstgruppe 1 skal betale normaltakst
- Ladbare hybridar i takstgruppe 2 skal betale takst som Euro VI

**Endring av rabattsystem**

Gjennom handsaming av Prop. 1 S Tillegg 2 / Innst. 13 S (2015–2016) har Stortinget slutta seg til regjeringa sitt forslag om å innføre eit nytt standardisert takst- og rabattsystem for bompengeprosjekt. Målet med omlegginga til nytt system er å effektivisere og å gjere bompengeinnkrevjinga enklare.

**Innføring av nytt takst- og rabattsystem medfører følgande endringar frå 01.06.18:**

- Køyretøy i takstgruppe 1 med elektronisk brikke og gyldig avtale får automatisk 20 pst. rabatt. Køyretøy i takstgruppe 2 får ingen rabatt.
- Alle kundar som har hovudavtale og brikke frå Bomringen i Bergen vert automatisk gjort om til etterskotsavtaler med 20 % rabatt. Lokale forskotsavtaler med rabatt vert ikkje lengre tilbydd.
- Noverande tilleggsavtalar hos Bomringen i Bergen for å oppnå lokal rabatt vert avvikla.
- AutoPASS-avtala med det selskap brikka er levert frå, hovudavtala, vert ikkje endra. Alle passeringar i bompengeringen, med brikke, vil frå 1. juni verte trekt frå hovudavtala.

**Det gis fritak ifølgje gjeldande takstretningslinjer:**

- Passasjerar i alle typar køyretøy
- Gåande og syklande
- Motorsyklar og mopedar
- Køyretøy i merka gravferdsfølgje
- Kollektivtransport i konsesjonert rute*
- Uniformerte utrykkingskøyretøy, samt sivile utrykkingskøyretøy i tenesteoppdrag*
- Rørslehemma med gyldig parkeringstillatelse*

Fritaksordningar merka med * føreset elektronisk brikke og gyldig avtale.

Timesregel og passeringstak på 60 passeringar pr. månad for alle køyretøy med elektronisk brikke og gyldig avtale vert vidareført.

For meir informasjon: **www.ferde.no**

**Takstendringa kan påklagast til Samferdsledepartementet innan tre veker frå kunngjering. Klage sendast Statens vegvesen Vegdirektoratet, Postboks 8142 Dep., 0033 Oslo.**

Ferde

SAMMEN OM Miljøløftet

autopass.no